



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 27.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2023 – AKSNESET – SLÅTTEENGA – BN00079412

Dykkar ref. 2023/309.

Slått

Ved passering 21.6. blei voksteren vurdert til å vere noko kraftigare enn på fleire år, og at det kunne vere ein fordel med slått litt tidlegare enn vanleg i kantane der det er rydda dei seinare åra. Den 25.7. blei det slått eit lass opp for fjøset.

Heile september og oktober har det vore leita etter ein høveleg dag for slåttedugnad, men tida gjekk. Neste slåtteinnsats blei 1.11. Det gjekk greitt å slå. Alt var avblomstra, og frå grønt til visna. Det var knapt eit frø i presenninga då avlinga blei samla saman, så frøinga må vere fullført.

Den 2.10. var vi i alt 4 slåttefolk som tok resten. Det er i alt brukt 20,5 timar til slått og krattrydding dette året.

Hagelupin har fått stå for seg sjølv og blitt fleire i hjørnet mot huset. Den blei slått 20.11.

Alt graset, 3 tilhengarlass (4,5 m³ trakka) (eitt lass mindre enn i fjor), blei levert til hestefôr.

Hogst

Det er hogd eit hasselkratt og rydda litt småfuru og småbjørk .

Økonomi

Det var søkt om 20 timar til slått, løyvinga var for 13 timar, og timeforbruket blei 20,5.

	Søkt	Fått	Brukt	
Slåttarbeid	9200	5000	7215	
Hogstarbeid	1850	1750	370	
Køyring	300	0	423	
slåmaskinleige	0	0	0	
Sum	11350	6750	8008	

I tillegg er administrasjon gjort på dugnad.

Behov

Framleis går det an å rydde meir mot bekken. Krattskogen veks både på nedsida og langs bekken, og delvis på oversida, så ryddebehovet aukar.

Hjørnet med lupin mot huset må få ei løysing. Eigar tykkjer blomen er fin. Dermed er det tale om avfall som kan spreie frø. Det er ingen plass på eigedomen med lupin i frøbank frå før, så avfallet må i fall køyrast vekk og leverast avfallsmottak, med full pakke reinhald av reiskap.

Vi veit ikkje av noko anna enn at skjøtselen kan halde fram til neste år, som no.

Artsregistreringar

Det såg ut som det har vore mykje vill-lin som har blomstra i år. Utbreiinga av den arten arten bør sjekkast nærare neste år.

Det er lagt inn artsregistreringar på www.artsobservasjoner.no også dette året.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto tatt 25.07.2023 Øystein Folden.



Figur 2. Foto 25.07.2023 Øystein Folden. Ovafor fjøset, første slåttedag.



Figur 3. Foto 01.11.2023 Øystein Folden. Etter andre slåttedag i år.



Figur 4. Foto 05.11.2023 Øystein Folden. Frå dugnadsslåtten.



Figur 5. Foto 05.11.2023 Øystein Folden. Slåtten er omtrent ferdig for dette året også.